

Æresmedlem Arnt Stølen Moen

Etter mange år i Jotun er det no på sin plass at denne mannen blir heidra. Før styrearbeid tok til for fullt var han fast inventar på friidrettstemner, spesielt Jotunleikane og var ansvarleg for dei elektroniske tidene.

Kom inn i AU som ansvarleg for Miljø og Trivsel, Vart nestleiar i 2015 og tok over etter Tor Erik Sveen som leiar i 2016.

Har sete som leiar alle desse åra og tek no enno eit år.

Idrettslaget er avhengige av at folk tek på seg verv. Me treng ei god blanding av menneske som jobbar saman og som kan utvikla kvarandre. Me er heilt avhengige av kontinuitet, folk som kjenner idrettslaget ut og inn.

Noko no Arnt gjere etter å ha vore den lengst sitjande leiaren i Jotun si historie. Ufatteleg grundig, og set seg godt inn i saker. Har stått i bresjen for å få på plass lovpålagde saker som idrettslaget skal jobba med, slik som eit godt HMS system og Rein Klubb.

Den siste saka det har vorte jobba mykje med er anleggsselskap i Jotun. I eit hovudstyre med så mange grupper er me mange personlegheiter som møttest, og det kan gå ei kula varmt av og til. Når ein i forsamlinga har personar som helst ville gjort ting i går og andre er heilt motsett blir det diskusjonar.

Arnt seier vel sjølv at han til tider er på den motsette sida og held ting litt tilbake. Til stor frustrasjon for blant anna underteikna som er ei av dei som vil ha ting gjort i går.

Men uansett, å vera leiar krev mykje av ein. Det er hardt , frivillig arbeid ein ikkje vert rik på i pengar. Din og vår rikdom er mykje større. Når me går på ein handballkamp, ein fotballkamp, stemner på stadion eller i hallen – ja da kan du og oss andre seie til oss sjølve at dette har me skapt og bidrege til at hundrevis av ungar og ungdomar kan få sike opplevingar i eit idrettslag og at me gir bygdi vår ein stor rikdom .

No har du teke på deg eit år til , om det vert fleire veit me ikkje men eg er heilt sikkert på at du ikkje klarer å leggja frå deg eit engasjement som du har hatt under huden i så mange år.

Tusen takk so langt Arnt og framover i desse stramme økonomiske tidene blir det viktigare enn nokon gang å blåsa enno meir liv i visjonen vår om at me skal vera Årdal sin viktigaste samfunnsaktør.

Gratulera !